

Rapport for utviklingsprosjektet:

Fyll inn tittel:

Kompetanseløft – vald og seksuelle overgrep

Rapport sendes til Statsforvalteren årleg i prosjektperioden, og innan 1. februar påfølgande år etter tildelt støtte.

Rapporten sendes som vedlegg til e-post til: sfvlpost@statsforvalteren.no merkast med saks nr. 2021/492

I tillegg til utfylt rapport må de legg ved rekneskap der det går fram kva stimuleringsmidlane er nytta til så langt, og eventuelt kva som står att (og revisor attest for dei prosjekta som sender inn endeleg sluttrapport jf. Tildelingsbrev).

VERTSKOMMUNE:

Namn: Kvinnherad kommune

Org.nummer: 964 967 636

Adresse: Rosendalsvegen 10, 5470 Rosendal

Kontaktinformasjon (telefon og e-post) til:

Prosjekteigar/e: Kvinnherad kommune,

Sturla Helland tel: 970 24 320, e-post: sturla.helland@kvinnherad.kommune.no

Prosjektleder:

Kurt Dahl, tel: 905 23 059, e-post: kurt.helge.dahl@kvinnherad.kommune.no

PROSJEKT:

Prosjektnamn: Kompetanseløft – vald og seksuelle overgrep

Dato for prosjektstart: 01.01.2021

Totalt tildelte stimuleringsmidlar per år i prosjektperioden:

År:	2018	2019	2020	2021	2022	2023	2024	2025
Beløp:			481 830	505 000	500 000			

Er prosjektet avslutta? nei

Om ikkje, kva er per no planlagt varigheit på prosjektet? 31.12.2023, men vurderer å forlege til sommaren 2024 for å kunne følgja kompetansehevinga i heile barnhage/skuleåret.

SAMARBEIDSKOMMUNAR OG KOMPETANSEMILJØ:

Kven samarbeider om prosjektet?

Fyll inn kommunane som samarbeider i dette prosjektet, og kontaktperson frå kvar kommune:

- Ullensvang kommune, org nr: 920 500 663, Opheimsgata 51, 5750 Odda
Kontaktperson: Vibeke Lynghammer,
tel: 971 71 234 e-post: vibeke.lynghammer@ullensvang.kommune.no

Fyll inn namn på kompetansemiljø og kontaktperson frå kompetansemiljøet/a:

- RVTS Vest Linda R. Kvalvik
- Krisesenter Vest IKS Mathilde Heldal og Elisabeth Brekkå
- Statens Barnehus, Bergen Heidi Losnedal og Eirin Baugstø
- Kvinnherad politistasjon Jarle Rørdal

Beskriv hovudpunkta for kva samarbeidet med kompetansemiljøet/a har bestått i:

Gjennom heile prosjektperioden har kompetansemiljøa delteke i faste møter. Det har i tillegg vært opent for å ta kontakt for råd og rettleiing. I møta har vi hatt felles brainstorming, utarbeiding av rutinar og modellar, og tilbakemeldingar og innspel på det arbeidet vi har laga klart.

Vi har no på plass ein god rutine/modell for god gjenforeining etter barn har vært på Statens Barnehus. Barnehuset i Bergen vil difor fremover delta noko mindre i prosjektet. Dei andre fagmiljøa vil vera aktive deltakarar vidare.

Fagmiljøa vil og kunna bli kopla på i ein fase der vi skal ha ekstra fokus på å implementere.

Vi har også hatt felles fagdag for barneverntenesta og politiet i Kvinnherad, med gjennomgang av dei nye rutinane knytt til tilrettelagt avhøyr på Statens Barnehus

HOVEDMÅL FOR PROSJEKTET:

1. Barneverntenestane i Kvinnherad og Ullensvang har ein god modell for arbeid med saker der det er mistanke om vald/sekssuelle overgrep, og har gode hjelpetiltak i desse sakene. Det skal vera ekstra fokus på trygg gjenforeining mellom barn og foreldre etter barn har vært på tilrettelagt avhøyr på Barnehuset
2. Kvinnherad og Ullensvang kommune sikrar at barn og unge får kjennskap til barneverntenesta og kunnskap om vald og sekssuelle overgrep
3. Kvinnherad og Ullensvang kommune sikrar at tilsette i barnehage og skule har kompetanse om vald og sekssuelle overgrep, kva ein skal sjå etter og kva ein skal gjera i slike saker. Dei har og kunnskap om korleis dei kan snakke om barn og unge om teamet

DELMÅL OG HOVEDAKTIVITETENE I PROSJEKTET:

Skriv inn delmål og kva hovudaktivitetane under det einskilde delmål har våre:

Delmål:	Hovudaktivitetar:
God gjenforeining mellom barn og foreldre etter tilrettelagt avhøyr på Statens Barnehus	<ul style="list-style-type: none"> • Rutine for gjennomføring av TA og gjenforeining i kommunen • Felles møte med barneverntenesta og politiet • Gode malar/vedlegg til gjenforeining for å sikre god informasjon til barn, føresette og tiltatspersonar og tilsette i barneverntenesta • Mal for vurderingar og sikringsplan medan barnet er på TA. Til bruk for barneverntenesta
God modell for barneverntenesta i arbeid med saker der det er mistanke om vald og seksuelle overgrep	<ul style="list-style-type: none"> • Sjekklistar • Samarbeid med andre tenester • Modell for hjelpetiltak i desse sakene, både undervegs i arbeidet og etter at barn har vært på TA • «operativ leiar» - ansvarleg ved aksjonsdagar
Barn og unge får kunnskap om barnevern, vald og overgrep Tilsette har kompetanse om teamet, og er trygge på å undervise om teamet	<ul style="list-style-type: none"> • Pilotar • Barnas verneombod • Årshjul for arbeid gjennom året • «E D GREITT?» - plan for undervisning i barnehage og skule • Fagdagar
Tilsette som møter barn og unge har kunnskap i samtale med barn	<ul style="list-style-type: none"> • Rettleiing – Samtale med barn. Videoretteleiing over 6 mnd

BESKRIV KORLEIS DE VURDERAR MÅLOPPNÅINGA FOR DELMÅLA:

Kva har de lukkast med? Er det noko som står att?

Delmål:	Vurdering:
1.	<p>Vi har fått på plass ei god rutine for gjenforeining mellom barn og foreldre etter tilrettelagt avhøyr på Statens barnehus. Rutina er klar til å bli tatt i bruk. Det manglar noko utfyllande informasjon i vedlegga, men dei er på plass innan kort tid. Vi arbeidar akkurat no med ein mal for vurderingar under tilrettelagt avhøyr, og moment til tryggleiksplan/oppfølgingsplan i etterkant av avhøyr, som barnevernet kan bruke i arbeidet.</p> <p>Vi har hatt felles møte med tilsette i Kvinnherad barnevernteneste og Kvinnherad politistasjon for å gå gjennom nye rutinar. Gode tilbakemeldingar frå begge etatar.</p> <p>Vi må fortsatt få gjort materiellet lett tilgjengeleg digitalt</p>
2.	<p>Når det gjeld interne rutinar for barneverntenesta i arbeid med saker der det er mistanke om vald og seksuelle overgrep, har vi fortsatt arbeid igjen. Vi har starta opp med å lage tiltakskort (oversikt over hjelpetiltak), og starta opp med å lage ei sjekkliste til arbeidet, og vil lage rutinar for korleis vi best kan arbeide i desse sakene. Vi vil mellom anna sjå på det å ha ein «operativ leiar» i akutte saker, for å sikre at nokon held tråden i saksgangen. Her har vi ein del arbeid igjen, som vi vil ha hovudfokus på våren 2023</p>
3.	<p>Vi er i gong med pilotprosjekt knytt til den delen som skal sikre kunnskap og informasjon til barn og unge. Vi starta opp med fire skular og fire barnehagar som pilotar. I perioden har vi og fått to ekstra barnehagar som gjerne vil vera med. Vi har klart eit årshjul for arbeidet i eininga, har laga ferdig undervisningsopplegg som skal sikra lik informasjon til same tid, for alle barn og unge i kommunane. Vi har og laga diverse malar/hjelp, som kva ein skal gjera ved mistanke, forslag til litteratur og liknande.</p>

	<p>I pilotane har vi fått på plass rolla som barnas verneombod. Barnas verneombod og leiar var i haust med på felles fagdag, der vi presenterte prosjektet, gjekk gjennom undervisningsopplegget og ga fagleg påfyll. Vi har allereie sett av dato for to fagdagar i 2023. Her ventar vi no på tilbakemeldingar, for å kunne vurdere og justere vidare. Vi har og mål om å kople på fleire skular og barnehagar fram mot august 2023, og håpar å få kopla på alle i løpet av hausten 2023</p> <p>I dette arbeidet har vi hatt ei arbeidsgruppe, med deltakarar frå helsestasjon, barnehage, skule og barnevernet. Dette har vært god hjelp i å arbeide med kompetanseheving inn mot skule og barnehage.</p>
4.	<p>For å sikre at tilsette har kunnskap og er trygge på å snakke og undervise om teamet, har vi fokus på å styrke kompetansen til barnas verneombod i einingane. Dei får to fagdagar i året, der dei får auka kunnskap, som dei kan ta med tilbake til si eining. Vi vil i tillegg invitere til to fagdagar i året, der alle kan melde seg på, for å få auka kompetanse om vald og seksuelle overgrep.</p> <p>Vi har i dag tilbod om kurs «Rettleiing i samtale med barn». Per i dag har det i hovudsak vore eit tilbod til tilsette i eining Barn og familie. Vi vil vidare invitere med skular og barnehagar inn i dette, for å auke kompetanse på å snakke med barn</p>
5.	

DERSOM PROSJEKTET IKKJE ER AVSLUTTA, BESKRIV KORT KVA SOM STÅR ATT:

Vi har fortsatt ein del arbeid igjen, særleg knytt til korleis barneverntenesta skal arbeida i saker der det er mistanke om vald og seksuelle overgrep, samt modell for gode hjelpetiltak.

Vi skal også nå framover ha fokus på å få arbeidet forankra i kommuneleiving og administrasjon. Dette er viktig for å få til å implementere på ein god måte, og sikre at det blir stilt krav om at vi skal arbeide på denne måten i våre kommunar.

KORLEIS PLANLEGG DE Å INNLEMME DETTE I DEN ORDINÆRE DRIFTA:

Beskriv kort kva plan de har for korleis kunnskapen de har utvikla i prosjektet skal bidra til enda betre tenester for barn og unge etter at prosjektet er avslutta?

Prosjektet skal legge fram sak for levekår, og vidare inn i kommunestyret. Dette for å få til at prosjektet blir politisk forankra, og dermed stiller krav til korleis tenestene skal arbeida for å førebyggja, oppdaga og handla, slik at barn og unge kan få rett hjelp til rett tid.

Slik vi ser det i dag, vil ikkje prosjektet krevje mykje ekstra ressursar. Vi lagar ein modell for oppgåver som allereie ligg til tenestene, men vi vil få dette meir i system. Barnehagar og skular har allereie «livsmeistring» på planen, og prosjektet er eit bidrag inn der. Det kreves likevel noko ressurs til at barnas verneombod kan få avsett 0,5 time i veka til arbeide med dette, samt å kunne delta på fagdag to gonger i året.

Kommunane har eit ansvar for å førebyggja, og dette prosjektet vil bidra til det.

Arbeidet knytt til rutinar og modellar for hjelpetiltak og tilrettelagt avhøyr vil ikkje ha ekstra omkostningar enn det vi allereie har i dag.

- Gode rutinar knytt til tilrettelagt avhøyr skal gjere at barn skal kunne kjenne seg tryggare, og bli ivaretatt på ein betre måte, både før, under og etter avhøyr. God gjenforeining skal og sikre at dei blir betre ivaretatt etter TA, og får den hjelpa dei treng for å kjenne seg trygge, og få ei positiv endring heime.
- Ein modell for gode hjelpetiltak skal gi betre hjelp til rett tid for barn som er utsette for vald eller seksuelle overgrep. Modellen vil gjer at det skal bli enklare å kople på andre tenestar, i tråd med oppvekstreforma, og ein kan lettare få hjelp undervegs eksempelvis ei undersøking i barnevernet. Det vil bli meir fokus på kva hjelp vi kan setje inn allereie ved oppstart av undersøking

- At barn og unge i større grad har kunnskap om kva vald og seksuelle overgrep er, gjer at barn gjerne fortel tidlegare, slik at vi kan avdekke og stoppe det dei blir utsette for. Då kan vi setje inn tiltak tidlegare for å hjelpe.
- At tilsette som møter barn og unge har auka kompetanse om vald og seksuelle overgrep, gjer at ein lettare kan avdekkje og tidlegare kan setje inn rett hjelp

EVALUERING OG REFLEKSJON OVER SAMARBEIDET OG PROSJEKTET:

Her ynskjer vi ei kort vurdering frå dei ulike aktørane i prosjektet.

Har de lukkast med å nå føremålet med prosjektet? Kva tek de med dykk frå dette arbeidet?

Aktør:	Kort vurdering:
Leiarane og prosjekteigar:	Har gjennom prosjektet fått informasjon om arbeidet. Vil i vår bli kopla tettare på, før framlegg i leverkårsutvalget
Prosjektleder/prosjektkoordinator:	Prosjektleder og prosjektkoordinator har hatt eit godt samarbeid. Vi utfyller kvarandre på ein god måte, og hjelper kvarandre med å drive prosjektet vidare.
Prosjektgruppa:	Prosjektgruppa har i haust blitt noko redusert. Tilsett får barneverntenesta i Hardanger gjekk over i ny stilling. Vi får inn ny person derfrå i februar 2023. Helsestasjonen i Hardanger trakk seg ut frå prosjektet pga stor arbeidsmengde. Vi arbeider med å få dei inn i prosjektet igjen
Kompetansemiljøet/a:	Vi har hatt godt samarbeid med kompetansemiljøa gjennom prosjektet. Vi opplev samarbeidet som positivt og engasjerande. Gjennom prosjektet har vi tatt ned terskel for å ta kontakt, og gjev god læring til kvarandre Kompetansemiljøa er og positive til å hjelpe til i prosessen med å implementera sluttresultatet i kommunane
Arbeidsgruppe:	Arbeidsgruppa har bestått av helsestasjon, barnehage, skule og barnevern frå begge kommunane. Her har vi særleg arbeida med den delen av prosjektet som rettar seg inn mot kompetanseheving i barnehage og skule, og å få fram kva som ligg i helsestasjonsprogrammet ift temaet.

ØKONOMI/GEVINSTREALISERING:

Skriv ein kort utgreiing for korleis de har disponert stimuleringsmidlane, og korleis de eventuelt har finansiert prosjektet på anna måte. Husk at et endeleg rekneskap og revisor attest skal leggest ved sluttrapporten. Ubrukte stimuleringsmidlar skal tilbakebetales til Statsforvalteren.

I 2022 har vi nytta prosjektmidlane til å dekkje løn for prosjektleder og prosjektkoordinator. Vi har og hatt midlar til å utarbeide materiell. Midlane for materiell har vi ikkje nytta i 2022, då vi ikkje var kome langt nok i prosjektet. Desse

vil difor bli refundert til Statsforvaltaren. Vi kjem likevel til å søkje om nye midlar til materiell i 2023, då det vil vera nyttig for å utarbeida materiell og til ein digital plattform for prosjektet.

VEDLEGG:

List opp dei vedlegga som ligg ved denne rapporten.

1. Rekneskap
2. Revisorattest (berre for dei som avslutta prosjektet i 2021)
3. ?